


Ålesund KrFs

kommuneprogram for 2023-2027



Innhold

Barnehage, skule og familie.....	3
Helse og velferd	4
Kultur, Idrett og friluftsliv	5
Inkludering, solidaritet og frivillig engasjement	6
Næring og landbruk.....	7
Samferdsel og trafikktryggleik	7
Eigedom og økonomi	8
Berekraftig utvikling.....	8



Tid til det viktigaste

KrF sin politikk lokalt og sentralt er forankra i det kristne menneskesynet, nestekjærleiken og ansvaret for å forvalte skaparverket til gode for komande generasjonar.

KrF vil at innbyggjarane kan kjenne seg trygge og ha eit godt tenestetilbod av same kvalitet uansett kvar dei bur i kommunen.

Ålesund KrF vil

- auke delen fagutdanna i barnehage og grunnskule for å styrke det tverrfaglege laget rundt barn og unge.
- sikre attraktive arbeidsplassar innanfor helse- og omsorg der ansvar er i samsvar med kompetanse.
- at kommunen samarbeider tett med frivillige lag og organisasjonar for å heve kvaliteten i kommunale tenester innanfor kultur, oppvekst og helse.
- innføre behovsprøvd fritidskort og busskort for å motverke utanforskap.
- styrke det profesjonelle og frivillige kulturarbeidet i kommunebudsjettet.
- at Ålesund kommune tilset næringsjef som sikrar lokalt næringsliv fagleg støtte og tett dialog med politisk og administrativ leiing.
- vidareutvikle eit levande og attraktivt bysentrum med gode byrom for lokalbefolkning, næringsliv og turisme.
- arbeide for at Ålesund blir ein attraktiv universitetsby for norske og utanlandske studentar.

Barnehage, skule og familie

Ålesund KrF vil



- auke delen fagutdanna i barnehage og grunnskule for å styrke det tverrfaglege laget rundt barn og unge.
- at grunnskulen skal bygge på verdiane i vår kristne og humanistiske kulturarv.
- legge til rette for arenaer i skulen der barn og unge kan samlast og praktisere si tru.
- at kristne og ideelle organisasjonar får etablere barnehagar og skular i kommunen.
- at god kartlegging og tidleg innsats skal vere styrande for tilbodet til det einskilde barnet.
- øke andelen ansatte per barn i barnehage og skole for å sikre tettere oppfølging for den enkelte elev.
- arbeide for ei meir praktisk retta undervisning i grunnskulen. Vi meiner Ålesund kommune bør søke om prosjektmidlar over ein 3 års-periode og klargjere ledige skular for prosjektet.
- styrke den praktiske tilnærminga til fleire fag i grunnskulen gjennom samarbeidsprosjekt som Ungt entreprenørskap, Vitensenteret ved Atlanterhavsparken, Verkstad Da Vinci og Newton-rommet.
- ha ein mobbefri skulekvardag for alle elevar og gode psykososiale tilbod i skulen. Vi ønsker å opprette mobbeombod for grunnskulane i kommunen.
- ha eit prøveprosjekt der ein tek i bruk frivillige til leksehjelp, miljøarbeid, vakt i friminutta og andre oppgåver som kan ivareta kast av frivillige.
- jobbe for at familiane skal sikrast barnehageplassar i eigen bydel.



Helse og velferd

Ålesund KrF vil



- sikre attraktive arbeidsplassar innanfor helse- og omsorg der ansvar er i samsvar med kompetanse.
- vidareutvikle kommunen sitt tilbod til barn og unge innanfor psykisk helse.
- at Ålesund har tilstrekkeleg sjukeheims plassar og tilbod med heildøgns omsorg og pleie.
- sikre legevaktteneste ved Ørskog legekontor.
- arbeide for at Ålesund kommunale eige dom (ÅKE) og private utbyggjarar bygg fleire nye tilpassa bustader, for dei som er avhengig av tilsyn og omsorg heime. Vi ønsker også å opne for ideelle og private aktørar i drift av heimebasert omsorg og sjukeheimsdrift, i offentleg regi.
- styrke den heimebaserte omsorga slik at fleire kan framleis bu heime når helsa svikter.
- styrke tilbodet om avlastning for pårørande til heimebuande menneske med demenssjukdom.
- sikre at kompetansen for lindrande behandling for menneske i slutfasen av livet vert gjort meir tilgjengeleg, også i heimane gjennom ambulante team.
- at omsorgssentera i kommunen skal kunne gi tilbod om åndeleg omsorg – gjerne i samarbeid med frivillige aktørar.
- at universell utforming av infrastruktur og tenester skal prioriterast i all planlegging.
- at folkehelsearbeidet må forankrast på tvers av alle sektorane i kommunen.
- at livsstil, ernæring og kosthald får auka fokus ifrå kommunen, i



skulehelsetenesta, biblioteka, på internettsidene våre og i andre digitale kommunikasjonsformer.

- styrke bruk av velferdsteknologi på ein etisk forsvarleg måte, til beste for brukarane.
- arbeide for å redusere bruk av narkotika og styrke førebygging, behandling og rehabilitering. KrF seier nei til legalisering og avkriminalisering av narkotika.
- fremje alkoholfrie arenaer i kommunen.

Kultur, Idrett og friluftsliv

Ålesund KrF vil

- styrke idretts- og kulturarbeidet i kommunebudsjettet.
- at det vert laga ein ny kulturplan.
- styrke og vidareutvikle kulturskulen og betre fasilitetane slik at endå fleire kan få eit godt tilbod innafor si interesse.
- sikre allmenn tilgang til friareal i nærleiken av skular og bustadfelt av omsyn til folkehelsa.
- ha langsiktige planar for utbygging av turvegar/turstiar samt gang- og sykkelvegar i heile kommunen.
- at den gamle postvegen mellom Sjøholt og Vestnes vert rusta opp til turveg i samarbeid med Statens vegvesen og andre partar.
- vidareføre Borgundfjordstien vestover via Prinsen-området til Borgundgavlen.
- fullføre turvegen frå Storhaugen til Emblemsanden.
- regulere ny køyreveg til Grønevollen for å sikre trygg, allmenn tilkomst til Emblemsfjellet.




- bygge eit fullstendig tribune, speaker og nytt garderobeanlegg samt utstyrsbod inkludert treningsstudio på sørsida av Aksla stadion, i tillegg til ferdigstilling av påbegynt lysanlegg.
- reetablere open idrettshallkonsept for ungdom og unge vaksne i nokon av kommunens idrettshallar laurdag kl. 21:00-01:00, gjerne med kulturelle innslag.



Inkludering, solidaritet og frivillig engasjement

Ålesund KrF vil

- at Ålesund kommune skal vere ei sikker hamn for menneske som flyktar frå krig og forfølgning.
- flyktingar som buset seg i Ålesund, må inkluderast gjennom skule, arbeid og fritidsaktivitetar slik at dei kan ta del i og vere ein ressurs for samfunnet.
- vidareføre «Fargespill» som eit fast tiltak og årleg kulturarrangement.
- opprette ungjobbsentral for å gi fleire ungdommar nyttig arbeidserfaring.
- at kommunen samarbeider tett med frivillige lag og organisasjonar for å heve kvaliteten i kommunale tenester innanfor kultur, oppvekst og helse.
- innføre eit behovsprøvd fritidskort for å motverke utanforskap.
- innføre eit behovsprøvd busskort innafor kommunen.
- kommunen må samarbeide tett med frivillige organisasjonar og ulike trussamfunn i inkluderingsarbeidet.
- arbeide for at Skattkammeret også vert etablert i fleire bydelar.



Næring og landbruk

Ålesund KrF vil



- at Ålesund kommune tilset næringsjef som sikrar lokalt næringsliv fagleg støtte og tett dialog med politisk og administrativ leiing.
- at Ålesund kommune har attraktive nærings- og grøntareal tilgjengeleg tett på senterområda.
- at Ålesund må vere ei god og attraktiv vertskommune for etablerte og nye verksemder.
- auke talet på lærlingplassar i kommunale verksemder.
- at Ålesund kommune skal vere ein attraktiv studentby. Kommunen må initiere tett dialog mellom studentorganisasjonar, academia, næringsliv og frivillig sektor.
- at arbeidet med ny arealplan for Ålesund kommune begynner januar 2024.
- at areal med matjord ikkje skal reduserast.
- ta vare på myrområda i kommunen pga. karbonfangst.
- at Ålesund kommune må samarbeide tett med andre regionar og byar i inn- og utland for å utvikle ei berekraftig kommune.

Samferdsel og trafikktryggleik

Ålesund KrF vil

- at i prioritering av E39 Ålesund-Ørskogfjellet må dei strekningane som i dag går gjennom tettbygde strøk, prioriterast først i planlegging og gjennomføring.



- gi høg prioritet til trygge skulevegar for barn og unge.
- styrke hurtigbåtsambanda mellom Ålesund sentrum og omlandet.
- at det skal utgreiast bygging av ein samanhengande gang- og sykkeltrase frå Skodje og Ørskog til Ålesund sentrum.
- planlegge og prosjektere sykkelvegforbindelse frå Campus til Ålesund sentrum.
- gjere om innkøyringa frå nordsida av Moa trafikkterminal til å vere bomregulert framfor ei felle der bilar ved feilkøyring kan få store skadar.



Eigedom og økonomi

Ålesund KrF vil

- ha ei stram økonomistyring der vi styrer mot 3% netto årleg driftsoverskot til disposisjonsfond.
- vidareføre eigedomsskatt som i dag ut valperioden for å sikre forsvarleg kvalitet på det kommunale tenestetilbodet.




Berekraftig utvikling

Ålesund KrF vil

- at Ålesund kommune skal legge FN sine berekraftmål til grunn for all si verksemd.
- vidareutvikle eit levande og attraktivt bysentrum med gode byrom for lokalbefolkning, næringsliv og besøkande.



- satse på ein berekraftig gravstadpolitikk. Alle gravstadar bør også ha urne- og eller minnelund.
- ha fokus på tiltak for reduksjon av lokale klimautslepp.
- utgreie ei differensiert avfallsavgift basert på forbruk.
- at kantslått skal utførast når det er minst mogeleg til ulempe for pollinerande insekt.
- at kommunen tar ei aktiv og leiande rolle for å hindre at plast og anna søppel hamnar i naturen og samarbeide med alle organisasjonar og verksemder som tek del i opprydding.
- at kollektivandelen i Ålesund aukar ved fleire avgangar og raskare framkomst.
- at Ålesund saman med fylkeskommunen arbeider for bruk av nullutslepp teknologi i kollektivtilbodet, både på land og sjø.
- arbeide for at det vert lagt til rette for meir landstraum i Ålesund hamn samt ladestraum for båtar med batteridrift.
- krevje at cruiseskip bruker landsstraum frå og med 2025.
- at cruisetrafikken vert regulert og tilpassa utviklinga av Ålesund si sørside som eit attraktivt område for lokalbefolkning, turistar, kultur og næringsliv.



Ålesund KrF

Følg gjerne oss og vår ordførarkandidat på Facebook!

www.facebook.com/alesund.krf



www.facebook.com/tore.johan.ovstebo



Vår kommunevalliste for 2023-2027 finn du her:

www.krf.no/lokallag/alesund-krf/kommunevalgliste

